

# RAPPORT

## Grip stavkyrkje

### - Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Ombygging- og restaureringshistorie	5
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Grunnmur	5
Kledning	6
Kyrkjekunst og inventar	6
Limfargedekor	6
Alterskapet	7
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

### Grip stavkyrkje

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Håvard Christiansen, Riksantikvarens arkiv

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## **KYRKJEKUNST**

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## **LOKAL MEDVIRING**

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## **BRANNSIKRING**

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



**Raudmåla:** Stavkyrkja er plassert i eit tett trehusmiljø på den vêrharde øya Grip. Foto: Riksantikvaren

# Grip stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Grip stavkyrkje ligg på øya Grip om lag 12 km utanfor Kristiansund. På det tidligare fiskeværret er busetnaden tett og kledd med ståande tømmerpanel som vern mot det harde vêret. Kyrkja reknast som ei kyrkje av *Møre-typen*, med fellestrekk til Rødven og Kværnes stavkyrkjer.<sup>1</sup> Stavkonstruksjonen har klar likskap, med dei andre Møre-kyrkjene, med mellomstavar i langveggane til skipet og takbjelkar som spenner

over kyrkjerommet. Takbjelkane, som ikkje korresponderer med mellomstavane, er fest mellom dei doble toppsvillane i skipet og koret sine langveggar. Trass i dei vêrharde omgjevnadane til kyrkja, har ikkje Grip skorder, lik dei andre mørekyrkjene.<sup>2</sup> Den raudmåla kyrkja er berre 12 m lang, 6,5 m brei, 6 m høg og er bland dei minste bevara stavkyrkjene. Skip og kor er i same breidde, og med eit mindre sakristi bygd til i aust.<sup>3</sup> Kyrkja har våpenhus i sørvestre hjørne. Portalen har vangar med enkle firkanthogde profilerte bjelkar. Takryttaren, med spiss hette, endar i eit spir med spirstang og årstalet 1621 stansa ut i vindfløyen.<sup>4</sup>

## BYGNINGSHISTORIE

Det rår stor usikkerheit rundt Grip stavkyrkje si datering og eldste utsjånad. Enkelte dateringar samlar seg rundt 1300- og 1400-tallet. Dendrokronologiske boreprøver har ikkje lete seg datere, men ei boreprøve frå 2007 vart C-14 datert til perioden 1515-1645.5 Kyrkja er fyrste gang nemnd i Trondhjems Reformats frå 1589, men på ein av takbjelkane i skipet fortell innskrifter at kyrkja vart reist i 1621. Truleg vart det då gjort ei ombygging medan stavkonstruksjonen vart ståande og bygningselement vart nytta på nytt, men det er uvisst kor omfattande ombygginga var. Antatt opphavlege delar i





**Grip:** Kyrkja pregast av naturen sine krefter. Spiret vart bøygd etter ein orkan i 1992. Takstein var sterkt forvitra og gradrenner rustne. Foto: RA arkiv

stavkyrkja er dei stavbygde veggane i skipet og koret, samt delar av takkonstruksjonen.

### OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

I 1865 vart store arbeid utført på kyrkja, og sakristi og våpenhus vart truleg tilført under denne perioden. Kyrkja fekk lys innvendig panel, og det vart lagt kvelva bordhimling over koret og ein del av skipet.<sup>6</sup> Eksteriør vart kvitmåla med raud takryttar. I 1930 vart omfattande arbeid gjennomført, og Grip vart i stor grad attendeført til utsjånaden frå før endringane i 1865. Ytterveggane vart isolert og måla raude. Dei store vindauga som i 1865 vart sett inn langs begge langveggane vart delvis spunta att og nokre erstatta med mindre blyglas. Store arbeid vart gjort i interiøret, der galleriet vart rive, nye benkar og korskille installert og eldre dekor på veggane vart restaurert. Det vart i 1930 og støyppt betongfundament under kyrkja.<sup>7</sup>

### TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Ved synfaring vart det registrert vassoppsamlingar bak grunnmuren på den nordaustlege delen av kyrkja som ligg på steinfylling. Det var tilsig av vatn under sakristiet og røteskadde kledningsbord på vestgavlen, særskilt rundt vindauga. Det var også røteskader i tårnet samt at

før ny rupanel og kledning vart montert. Skråstivaren er truleg opphavleg. Foto: Ola Storsletten.



spirstanga var bøygd etter orkan. Det var ein stor del røteskadde takbor of taktekinga av skiferstein var sterkt forvitra samt hadde rustne gradrenner.

### VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

#### GRUNNMUR

Under restaureringsarbeida i 1930-32 vart kyrkja jekka opp og sett på en låg grunnmur av betong. Stavkyrkja ligg på det høgste punktet på øya, og vart trulig fundamentert rett på fjellet i syd, vest og halve nordfasaden. Dei nordaustlege delane av skip og sakristi ligg på steinfylling. Bak muren i den nordaustre delen er det jord og vassoppsamlingar, truleg tilsig frå terrenget utanfor. Det var fuktig klima og ein dam under golvet i sakristiet. Jord vart fjerna langs nord og austside til muren, og dreneringshol vart meisla i hjørna til nordveggen. For å kunne kontrollere grunnforholda betre vart det laga ei luke i den austlege muren til sakristiet.



**Spir:** Spiret var svært røteskadd og forbindelsen mellom midtmast og spuns fra 70-talet var svekka. Masta til spiret vart spunsa, og røteskadd virke erstatta. Foto: Ola Storsletten.



## KLEDNING

Grip stavkyrkje er kledd med tømmermannspanel festa direkte utanpå pappkledd rupanel. Det var noko røte langs vestgavlen, særskilt rundt vindauget. All bordkledning og rupanel på den vestre gavlveggen vart fjerna bort til våpenhuset, og det vart lagd ny rupanel av gran og tømmermannskledning i furu. Det var mykje rust i beslaget bak vindskibord, og vindskier og isbord vart bytt. For å mogleggjere ein inspeksjon, vart det opna eit felt i den ytre kledninga på nordsida av kyrkja.

## TAK OG TAKRYTTAR

Trass noko røte i søndre stavlegje vart det konkludert at det ikkje var naudsynt å skifte ut deler i takryttaren sitt underbygg. Takryttaren og tårnet vart avkledd og konstruksjonen gjort synleg. I tillegg til spiret var også spiret sitt «skjørt» røteskadd. Den øvste delen av tårnet si mast viste seg å være tidlegare spunsa, truleg frå

1970-talet, men var igjen sterkt røteskadd. Spiret si tømmermast vart spunsa og røteskada virke erstatta. Tårnet vart koparbelagt på nytt, spiret retta ut, samt kule og vindfløy restaurert. Saltaket er understøtta av sperrebind som til dels synest å vere opphavlege. Naglar og naglehol i sperrene viser at taket tidlegare har vore tekka med liggande bord. I 1900 beskriv ein taket som sulagt.<sup>8</sup> På oppmålingsteikningar frå ca. 1900 er kyrkja vist med takstein, men det er usikkert kva tid taket vart skiferlagt. Skiferen til saltaket vart teke ned og sortert for gjenbruk. Steinen var dårleg, og mykje vart kasta. Store delar av undertaket vart skifta ut. Sidan Grip stavkyrkje ligg så utsett til var terskelen låg for å skifte ut røteskadd virke. Store delar av takkonstruksjonen som spikerslag, sløyfelekter, lekter og takpapp vart erstatta og nye gradrenner, skottrenner og vindskier vart montert.

## KYRKJEKUNST OG INVENTAR

### LIMFARGEDEKOR

Limfargedekoren i koret vart ferdig behandla i 2003 og 2004. I 2006 vart dekoren på veggane til skipet reinsa og konsolidert, medan korskiljet vart retusjert i 2006 og 2007.<sup>9</sup> Skipet har seks tverrgående takbjelkar, i tillegg til korskiljebjelken. Dei fire bjelkane lengst mot vest er måla med lauvstokkdekor i limfarge. Dekoren var svært skadd av fukt og trengde reinsing og konsolidering. Desse bjelkane vart ikkje overmåla på 1800-talet då kyrkja vart bygd om, truleg fordi dei var bygd inn i det dåverande galleriet. Desse fire takbjelkane lengst mot vest i kyrkerommet vart konsolidert og reinsa i 2007. Det vart nytta standard metode for konsolidering og reinsing av limfargedekor. Vidare vart staven midt på nordveggen retusjert i likskap





**Interiør:** Alterskåpa er truleg eit nederlandsk arbeid frå omkring 1500 og speglar økonomien til fiskarane langs kysten. Alterskåpa framstiller Heilag-Olav med øksa til venstre, Maria med barnet i midten og Sankta Margareta til høgre. Fargane er frå 1700-tallet. Foto: RA

med bjelkane med skrift i skipet samt ein del av den andre dekoren på veggane i kyrkja.<sup>10</sup> I 2007 vedtok Riksantikvaren i samarbeid med NIKU å fjerne måling på delar av innbøtingane på nordveggen frå 1930-åra. Vedtaket var basert på ein langvarig diskusjon som vart påbyrja alt i 1992. Målet med å fjerne innntoning og måling på innbøtingane på utvalde områder, var å dempe dei sekundere elementa.<sup>11</sup>

Den kvite himlinga i vestdelen av kyrkjerommet er måla i restaureringsperioden på 1930-

talet. I 2009 vart det teke reinseprøver som viste at målinga til dels sat laust og at den var svært skiten. Etersom det var semje om at noko måtte gjerast med himlinga, vart det forsøkt å vende limfargen. Dette er ein metode som utførast ved å påføre varmt vatn slik at fargen løysast opp og ein deretter kan stryke opp den oppløyste målinga på nytt, med andre ord ei slags gjenbruk av målinga.<sup>12</sup>

### ALTERSKAPET

Alterskapet frå seinmellomalderen som står i Grip kyrkje er datert til om lag 1520 og høyrer til ei gruppe skap som kunsthistorikarar meiner er produsert i Nord-Nederland. Alterskapet består av ein tredelt korpus som avsluttast ovanfor i tre rundbogar. I korpus står tre skulpturar i kvar si nisje, på kvar sin sokkel og under kvar sin baldakin. Overmålinga frå 1700-talet dekkjer fullstendig den opphavlege polykromien og er av ein slik kvalitet at skapet opplevast som eit 1700-talsskap meir enn som eit overmåla skap



**Interiør:** Stavkyrkja har takbjelkar, typiske for Møre-typen, som spenner over kyrkjerommet. Foto: Riksantikvaren

frå 1500-talet. Ein hadde med dette som grunn valt å behalde denne overmålinga, trass i at den underliggande opphavlege polykromien er forholdsvis godt bevart. Undersøkingar og behandling av skapet vart utført på NIKU sitt konserveringsatelier i perioden 2001-2003. Laus måling vart festa, samt at skapet er reinsa, fernissert og retusjert.<sup>13</sup>

### **SAMANDRAG**

Stavkyrkja på øya Grip er ei lita kyrkje med ein opphavleg kjerne frå mellomalderen. I 1621 vart veggane i koret skift og rikt dekorert. Seinare, i 1870-åra, vart det sett inn nye vindauge, samt at ytter- og innerveggar vart panelte og måla. I 1933 gjekk kyrkja gjennom ei omfattande restaurering og ein antar at kyrkja i dag framstår som den var omkring 1600-talet. Gjennom stavkyrkjeprogrammet har kyrkja fått ny skifer på taket, samt at spiret er sett i stand og tekka på nytt. Vestveggen av

kyrkja fekk ny kledning og som ein del av brannsikringstiltaket ved kyrkja vart den øvrige kledninga på kyrkja bytt med ei kraftigare kledning. Det vart gjort tiltak for å betre klimaet under golvet i kyrkja, samt gjennomført ei oppmåling av kyrkja i 2006. Dekoren i kyrkja vart restaurert i samband med stavkyrkjeprogrammet i perioden 2001-2006. Arbeidet omfatta konsolidering og reinsing av limfargedekor i skipet. I tillegg vart alterskapet frå mellomalderen konserververt.



## LITTERATUR OG KJELDER

## LITTERATUR OG RAPPORTAR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*, Oslo, AFRO 2005.

Bae, Osvald. *Rapport fra juli 2006*, 2006.

Devold, Ellen. *Beskrivelse av arbeid som skal utføres Grip stavkirke*, 2006.

Devold, Ellen. *Grip stavkirke stavkirkeprogrammet befarung 7. juni 2005*, 2005.

Devold, Ellen. *Grip stavkyrkje 25. april 2006 befarung og senere konklusjon*, 2006.

Godal, Jon Bojer. *Material til Grip stavkyrkje*, 2006.

*Dateringsrapport*, Laboratoriet for radiologisk datering, NTNU, 13.12.2006, 2006.

Olstad, Tone Marie. *Alterskapet i Grip stavkirke Et 1700-talls alterskap fra middelalderen Konservering 2001-2003*, 2003.

Olstad, Tone Marie. *NIKU Rapport 40/2007 Kunst og inventar A 336 Grip stavkirke. Konserveringsarbeider i 2007*, 2007.

Olstad, Tone Marie. *NIKU Oppdragsrapport 117/2009 Grip stavkirke. Behandling av hvit himling vest i kirkerommet. Dokumentasjon av interiøret*, 2009.

Olstad, Tone Marie. *NIKU Oppdragsrapport 128/2009 Grip stavkirke. Alterskap, alterduk, antependium og andre interiørdetaljer*, 2009.

Olstad, Tone Marie. *Behandling av limfargedekoren og interiøret generelt i A 336 Grip Stavkirke*,

*Kristiansund kommune, Befarung til kirka 7. juni 2005*, 2005.

Solberg, Kristin. *NIKU Rapport 62/2006 Kunst og inventar Grip stavkirke – konserveringsarbeider i 2006*, 2006.

Storsletten, Ola. «Anno 1621 Bleff denne kircke bygd»: *En undersøkelse av Grip stavkirke*, NIKU 15/2007

Storsletten, Ola. *Takrytter og tak: Nye undersøkelser av Grip stavkirke*, NIKU 49/2007

## FOTNOTAR

<sup>1</sup> Leif Anker, *De norske stavkirkene* (Oslo: AFRO, 2005), s. 29.

<sup>2</sup> Ola Storsletten, «Anno 1621 Bleff denne kircke bygd»: *En undersøkelse av Grip Stavkirke*, NIKU Rapport 15/2007, s.6.

<sup>3</sup> Anker, s. 324.

<sup>4</sup> Ola Storsletten, *Takrytter og tak: Nye undersøkelser av Grip stavkirke*, NIKU 49/2007, s. 3.

<sup>5</sup> *Dateringsrapport*, Laboratoriet for radiologisk datering, NTNU, 13.12.2006, AA

<sup>6</sup> Jostein Iversen, *Grip: et fiskevær gjennom 900år* (Stavanger: Kleppe, 1998), s. 87.

<sup>7</sup> Anker, s. 324.

<sup>8</sup> Indberetning om Grip stavkirke, Einar O. Schou desember 1900, Grip stavkirke arkivalia AA

<sup>9</sup> Olstad, Tone Marie. *NIKU Rapport 40/2007 Kunst og inventar A 336 Grip stavkirke. Konserveringsarbeider i 2007*, 2007

<sup>10</sup> Olstad, Tone Marie. *NIKU Rapport 40/2007 Kunst og inventar A 336 Grip stavkirke. Konserveringsarbeider i 2007*, 2007.

<sup>11</sup> Olstad, Tone Marie. *NIKU Rapport 40/2007 Kunst og inventar A 336 Grip stavkirke. Konserveringsarbeider i 2007*, 2007.

<sup>12</sup> Olstad, Tone Marie. *NIKU Oppdragsrapport 117/2009 Grip stavkirke. Behandling av hvit*

---

himling vest i kirkerommet.

*Dokumentasjon av interiøret*, 2009.

<sup>13</sup> Olstad, Tone Marie. *Alterskapet i Grip stavkirke Et 1700-talls alterskap fra middelalderen Konservering 2001-2003*, 2003.

